

Referat frå årsmøte i Jæren turlag 05.03.2026 på Time bibliotek

Leiar i Jæren turlag, Anne Reidun Garpestad ønska 24 personar velkomen til årsmøte 2026.

Årsmøtesaker:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste. Godkjent.
2. Val av ordstyrar: Anne Reidun Garpestad vart vald.
3. Val av referent: Margreta Hauge Clementsen vart vald.
4. Val av personar til godkjenning av referat: Inger Johanne Jaarvik Rørheim og Kjellaug Egeland vart valde.
5. Årsmelding vart framlagd av leiar i Jæren turlag (JTL) og vart godkjent.
6. Regnskap vart framlagt av kasserar, Nadine Friese. Stavanger turistforening (STF) har ansvar for budsjett og regnskap for JTL. Årsmøte tok regnskap til orientering.
7. Val til styret i JTL 2026: Valkomiteen sitt forslag vart godkjent.

VERV	NAVN	Merknad	År igjen
Leiar	Anne Reidun Garpestad	Gjenval	1 år
Styremedlem	Einar Jordebrekk	Ikkje på val,	1 år
Styremedlem	Tone Karlsen	Ny	2 år
Styremedlem	Kjetil Aamodt	Ny	2 år
Styremedlem	Stian Korneliussen	Ny	2 år
Styremedlem	Siri Berland Reinertsen	Ny	2 år
Styremedlem	Anne Grete Madland Tjemslund	Gjenval	2 år
Varamedlem	Nadine Friese	Gjenval	1 år
Varamedlem	Inger Johanne Jaarvik Rørheim	Gjenval	1 år
Valgkomite	Kjellaug Egeland	Ikkje på val	1 år

Gry Veronika Line, Alf Kåre Sirevåg, Marianne Undheim og Margreta Hauge Clementsen går ut av styret, og fekk blommar og takk for innsats dei har lagt ned i Jæren turlag.

Etter at årsmøtesaker var gjennomgått vart det vist ein biletkavalkade, laga av Ragnar Egeland, over alle aktivitetar i Jæren turlag i 2025.

Pause med enkel servering

Nytt frå Stavanger turistforening v/ Inger Karin Natlandsmyr

Inger Karin er JTL sin kontaktperson inn mot STF. Ho er aktiv i naturvernutvalet i STF, som arbeider for eit naturvenleg friluftsliv. Ho er forfattar av tre bøker om tur og friluftsliv og er i gang med si fjerde bok: Dagsturar i Rogaland.

Aktivitetar i STF i 2025

- 2025 var Friluftlivets år.
- I 2025 feira Stavanger by sitt 900 års jubileum. I samband med det var STF sin gave til kommunen mellom anna «52 søndagsturar i 2025», der nokre av turane var på Jæren.
- Folkefest på Fjøløy den 6.sept. samla over 5000 personar med flotte konsertar
- Stavanger var vertskap for Landsmøte i DNT, 13 – 15. juni. Her var JTL representert.
- Navneendring: Frå 2026 vert nytt navn DNT Stavanger og omegn.
- Ny strategi er under utforming: Veivalg 2026 – 2031. Fellesskap med og i naturen, gjennom
 - Bærekraft
 - Frivillighet
 - Trygghet

Visjonen er: Naturopplevingar for livet

Det betyr: Engasjement for barn og unge, inkludering, mangfald, nærfriluftsliv og folkehelse. DNT vil fortsetta sitt arbeid i fjellheimen med hytter og turar, men alt skal føregå i samsvar med naturen si tåleevne. Kva blir DNT si rolle i møte med reiselivet i tida framover?

- Frivillige: Finna god balanse mellom krav til profesjonalisering og det å ivareta god og nær frivillig dugnad. Viktig med kursing av turleiingar ved å arrangera førstehjelpskurs, ambassadørkurs og turleiarkurs.
- Hytter:
 - Turbohytta i Hunnedalen vert åpna våren 2026
 - Ådneram vert stengt etter påske 2026 pga rehabilitering
 - Skåpet vert stengt hausten 2026 pga rehabilitering
 - Naustet på Reime: Søknad er sendt til Statsforvaltaren som har avslått å ha dialogmøte før søknad er behandla. Saka er løfta til øvste politiske nivå i Hå kommune.
- Barnas Turlag:
 - Turboklubb – familieaktivitet i nærmiljøet. Det er 8 aktive Turboklubber pr nå.
 - Turbobarnehage – får overnatte gratis i alle DNT-hytter i Norge.

Kråkene på Jæren med Øyvind Gjerde (fuglekjenner)

Øyvind Gjerde har alltid hatt interesse for fuglar, men interessa for kråker starta for alvor frå 2010 då han starta å telja kråker på deira overnattingsstader på Jæren.

Kva er det med denne kråka som eigentleg bare er til irritasjon? Enten hater vi kråka eller så likar vi henne. Ei meining om kråka var at ho åt egg og fugleungar og derfor var årsak til at vipene vart færre på Jæren. Dermed starta jakta på kråkene. Ein plan var å resirkulera kråkene til minkefor.

Øyvind Gjerde starta då å telja kråkene, og kom til at det var mellom 20 000 og 24 000 kråker som oppheldt seg på Jæren. Kvifor samlar kråkene seg i store tre kvar kveld i vintersesongen, og stort sett på same plass?

Kråkene er sosiale fuglar og dei er smarte. Når dei er samla skaper det trygghet, dei vernar kvarandre og spreier informasjon. Mellom anna om kor det finns mat. Det er og viktig å vera i flokk, for å halda vakt over kvarandre slik at ikkje hauk og hubro går til angrep på kråker som er åleine.

Kråkene er monogame, sosiale fuglar som held saman til den eine parten døy. Det som betyr noko for kråkefuglar er mat – trygghet – kjærlighet. Dette løyser dei på sin egne god måte.

Øyvind Gjerde klarte ikkje å slutta å telja kråkene. Det har ført han ut på mange flotte ettermiddagsturar på Jæren. Han har vore ute i mange fine «blåtimar» som har gitt han gode dosar med Mindfulness – heilt gratis!

Takk for eit inspirerande og humørfylt føredrag.

Kvernaland 06.03.26

Margreta Hauge Clementsen

Referent

Inger Johanne Jaarvik Rørheim

Inger-Johanne J. Rørheim

Kjellaug Egeland

Kjellaug Egeland